

Utan legitimitet

FOR EI TID TILBAKE kom Harry Mowatt med følgjande utfordring: «Eg utfordrar kven som helst til konkret å gjere greie for på kva punkt Helse Førde-styret har brote med Regjeringa sine oppdragsdokument eller Soria Moria-fråsegna. I

« Det er enklare å finne kor Helse Førde bryt med sentrale føringar, enn det motsette.

særleg grad går denne utfordringa til redaktørar som har påstått dette på leiarplass mange gonger. I tillegg bør NRK-Sogn og Fjordane slutte med, i sending etter sending, å påstå at vårt strategidokument inneber nedlegging av lokalsjukehusa».

I DAGENS AVIS har informasjonssjefen i helseføretaket eit lesarinnlegg der det blant anna står å lese: «Ei av dei største utfordringane til Helse Førde er knytt til rekruttering. Ei samling av alle legar i Førde vil i framtida sikre eit større og meir robust fagmiljø, samstundes som spesialistane får auka moglegheiter til kompetanseutvikling. Dette vil kome alle innbyggjarane i Sogn og Fjordane til gode, blant anna ved at det blir etablert gode tenesteplanar og ambuleringsordningar for våre spesialistar.»

TYS DAG KVELD var Nrk sitt program, «Brennpunkt», via sjukehusstriden i Helse Nord-Møre og Romsdal. I programmet fekk sjåarane innblikk i kvifor Gunnar Bovim, direktør i Helse Midt-Norge RHF, sin overordna plan for nedlegging av akutt og føde i Kristiansund ikkje gjekk gjennom i styret i det regionale helseføretaket. I motsetnad til styremedlemmer andre stader i landet hadde Asmund Kristoffersen, styremedlem i Helse Midt-Norge og tidlegare stortingsrepresentant for AP, ei sakleg innvendig mot nedleggingsforslaget. Det mangla ei skikkeleg risikovurdering og konsekvensutgreiing av dei føreslegne endringane.

HAR HARRY MOWATT eller andre i Helse Førde-styret tatt initiativ til at Helse Førde greier ut konsekvensar av, og risiko med vedtekte endringar. Er ikkje ei unnlatning på dette området i strid med Soris Moria, lov og oppdragsdokument? Er ikkje ei «samling av alle legar i Førde», som informasjonssjefen skriv i sitt lesarinnlegg, ei nedlegging? Er ikkje dette i strid med nasjonale føringar? Helse Førde har lyst sjukehuset i Florø for sal. I paragraf 32 i lov om helseføretak står det under Salg av sykehusvirksomhet: «Sykehusvirksomhet kan ikke selges uten Stortingets samtykke.» Vi spør; På kva tidspunkt gav Stortinget sitt samtykke til sal av Florø sjukehus?

ER EIT SJUKEHUS utan kirurgisk akuttberedskap og fødetilbod eit sjukehus? Er endringar, som styret i Helse Førde har vedteke, i tråd med oppdragsdokument og nasjonale føringar? Som mangeårig aktiv Ap-politikar veit Harry Mowatt betre enn dei fleste at helsestellet ikkje er nokon «privat butikk» som ein kan herse og gjere kva ein vil med. Helsepolitikken skal vere likeverdig uansett kor ein bur i landet og ikkje minst ha legitimitet i befolkninga. Er det tilfellet i Helse Førde? Det er enklare å finne kor Helse Førde bryt med sentrale føringar, enn det motsette!



ansvarleg redaktør

TORMOD FLATEBØ

Direkte telefon: 57 88 53 18 • 951 74 910
redaksjon@fjordablaget.no



Toralv i Nordfjord

Toralv Maurstad er hovudperson i eitt av programma i NRK-serien «Folk». Programmet «Torolv i Nordfjord» skal vere eit portrett av Torolv Maurstad og skal i hovudsak dreie seg om vestlendingen Maurstad, men også om skodespelaren, teatermennesket og kulturpersonen. Opptaka skal gå føre seg i sommar og haust, med sikte på sending i jula 2011. Det meste av opptaka vil skje i området rundt Maurstad sin familiegard på Bryggja og vil innehalde scener frå natur, landskap, og stader i Eid, Gloppen, Bremanger og Vågsøy. Det er Bergefilm-Trygve Berge som skal produsere programmet.

Skal melde «veir

akkurat no

Ganske snart kan eidarane surfe seg inn på opplysningar om vêr og vind målt på ein vêrstasjon plassert på taket til Operahuset Nordfjord.

Det er Eid vidaregåande skule som står for nysatsinga på vêrfronten. Skulen satsar på fag som automasjon og realfag, og drift av vêrstasjonen, webside og dei vêrdata ein får ut, vil kunne nyttast i ulike fag i undervisninga, mellom anna innan IKT, fysikk, matematikk og automasjonsfag.

Eid er bra dekket med meteorologar. Pensjonert rektor Reidar Sørland er utdanna meteorolog, og det er fleire av elevane som har gått i dei same fotspora. Ein av dei tidlegare elevane ved skulen, meteorolog Jan Asle Olseth, som jobbar ved Geofysisk institutt ved Universitetet i Bergen, har vore ei av drivkreftene for å få på plass ein vêrstasjon på Nordfjordeid.

Satsing i Bergen

Olseth fortel til Fjordablaget at Bergen kommune har hatt ei satsing på realfag. I samband med dette har dei kjøpt inn eit femtitalt vêrstasjonar til ei rekkje skular. Via ei felles web-side kan ein no gå inn og sjekke vêret i Bergen ulike stader i byen. Geofysisk institutt er involverte i prosjektet. Dei samlar vêrdata frå stasjonane i ein database og vil mellom anna nytte informasjonen om dei geografiske skilnadene i bergensvêret i samband med forskning.

I tillegg til betydeleg meir avansert utstyr, har instituttet også ståande ein liknande vêrstasjon som det skulen på Nordfjordeid skal ha. Olseth har vore med på å lage ei tilhøyrande webside som han også er ansvarleg for å drifte. Der kan du gå inn via internet for å sjekke data om temperaturar og kor mykje det regna i går, både utanfor geofysikkbygget og oppe på Ulriken.

Vêrstasjonen gjev opplysningar om vindstyrke og retning, luftfuktigheit og om nivå for stråling, både som total solstråling



Lektor Jan Håvar Henden er ein av dei som skal ha ansvar for å drifte vêrstasjonen til Eid vidaregåande skule.

« Du får ein peikepinn på kva solfaktor du bør smøre deg med.

og som den mest kortbølge delen av denne, UV-strålinga. Du kan i praksis gå inn på websida, for å få ein peikepinn på kva solfaktor du bør smøre deg med.

Ope og skjerma

Vêrstasjonen inneheld programvare for fortløpande vêrdata. Å mekke litt på programvaren, til dømes for å få andre grafiske framstillingar, er noko som høver godt i IKT-undervisning, for å lage si eiga webside tilpassa elevane og eidarane sine behov.

I prinsippet skal dei fleste meteorologiske parametarar målast to meter over bakkenivå, men i praksis i skulesamanheng vert vêrstasjonane gjerne plasserte på eit tak. Poenget er at dei må vere ein stad der dei står ope og fritt til for innstråling og samstundes skjerma for menneskeleg aktivitet.

Nedbøren vert målt ved at regn og snø vert samla i eit lite beger

som tippar når det har blitt fullt, og det er tal tippingar som vert målte.

Heilt utan feilkjelder blir ikkje ein slik vêrstasjon. Sjølv om den er spesialtilpassa for å måle nettopp vêret, kan utstyret bli sett ut av spel dersom vêret er dårleg. Til dømes kan det hende at vindmålarer fryser og når det reknar vassrett, er det ikkje så enkelt med nøyaktige nedbørsmålingar.

– Vêret er fysikk

Olseth tykkjer det er ein god idé å bruke slike vêrstasjonar i undervisninga i samband med fag som IKT, matematikk, fysikk og geofag.

– Kva er vêret? spør meteorologen, og svarar sjølv: – Vêret er fysikk. Vêret er dei fysiske prosessane som skjer i atmosfæren. Skal du bli meteorolog, byrjar du med å studere matematikk og fysikk. I modellane bruker du ma-



Nytt styre i Sogn og Fjordane Bygdekvinnelag

Sogn og Fjordane Bygdekvinnelag har halde årsmøte og valt nytt styre. Det nye styret består av. Kari Anne Brekke, Fuglsetfjorden bkl, leiar. Turid Eimhjellen, Hyen bkl, nestleiar. Styremedlemmer: Johanna Langedal, Instedalen bkl, Brita Torlaug Leirdal, Luster bkl, Ragnhild Kvame, Oldedalen bkl og Magnhild Hegrenes, Nybrot bkl. Vara til styret: Aud Lunde, Lundegrend bkl, Kari Hjermann, Lærdal bkl, og Åse Liv Lote, Lote bkl.

Sekslingar for første gong

– Vêrlamma lurte seg til sex som sa seks på haustbeitet. No har Rune Gimmestad hendene meir enn fulle. Sekslingar i sauefjøset er noko dei færraste opplever, skriv avisa Firda Tidend. Rune Gimmestad har vore sauebonde sidan 1986. Aldri har han opplevd slik lamming i sauefjøset som i år. 30 søyer har nedkome med 95 lam. Det er blitt ein sekslingfødsel, to femlingar og 11 firlingar. I tillegg ei rekkje trillingar og nokre få enkle fødsler.

ret» frå taket på operahuset



Meteorolog Jan Asle Olseth har vore ein av pådrivarane for å få etablert ein vêrstasjon på Nordfjordeid. Biletet er tekne ved sidan av same type Davis-stasjon som det Eid vgs har kjøpt. Bygningen i bakgrunnen husar Geofysisk institutt og Vêrvarslinga på Vestlandet. (Foto: Frank Cleveland)

« Vêret er fysikk

tematiske likningar og fysiske lover. Det er berre fantasien som set grenser for kva du kan bruke ein vêrstasjon til, seier meteorologen.

Leikar med fly

Du kan drive med vitenskap, samstundes som du har det artig. Ved Geofysisk institutt har dei mellom anna små dronefly som kan hente opplysningar fleire kilometer oppe i lufta. Flya er laga av isopor og fullt med ulike dipedduttar som temperaturfølar og vindsensor. Flya fungerer som ein vêrballong, men kan brukast

Elevane ved Eid vgs skal få lære nyttig realfagkunnskap ved hjelp av vêrstasjonen.

om og om igjen. Dei har med seg radiosendar, kan vere oppe i om lag ein halv time og fyeke om lag 4.500 meter opp i lufta.

– Eitt slikt fly kostar ikkje all verda, men ein treng også eit system som skal kommunisere med desse flya, så totalsummen blir nok stor. Det blir kanskje litt for tøft at Eid vgs skal skaffe seg eitt, trur meteorologen. Men at dei er populære er i alle fall sikkert, for brått ein dag var alle flya til Geofysisk institutt stolne.

Eid vidaregåande skule får knyte seg til Geofysisk institutt og dra nytte av deira kunnskapar og



erfaringar med vêrstasjonar. Olseth ser på samarbeidet med dei vidaregåande skulande som eit ledd i rekrutteringa.

– Vi tenkjer litt eigennytte. Viss vi engasjerer oss i dette, kjem det

brått ein del studentar, håper meteorolog Jan Asle Olseth.

ANNA WUTTUDAL
anna.wuttudal@fjordablaget.no
Direkte telefon: 57 88 53 15

Vert montert ved påsketider

Vaktmeister Henrik Aabrekke reknar med at dei skal få montert vêrstasjonen på operahustaket ved påsketider. Han understrekar at det ikkje er snakk om store antenner som vil verke skjemma. Vêrstasjonen er ein liten boks med ei bittelita antenne som sender signal til ein mottakar som kan stå i klasserommet. Data om vind, nedbør og temperatur vert lese av automatisk, og det vert laga loggar som ein kan hente informasjon frå.